

Beredskapsplan Hognestad skule – knytt til Covid-19

Denne planen inneheld rutinar og føringar for følgjande område knytt til dei tre ulike nivåa i smittevern-retteleiaren: rødt, gult og grønt:

- Rutinar ved sjukdom
- God hygiene og reinhald
- Kontaktreduserande tiltak
- Sårbare elevar og elevar med vedtak etter § 5-1 og 2-8

Målet og hovudfokuset er å legja til rette for at elevane skal ha ein trygg og god skulekvardag, der dei får læra og utfolda seg samstundes som ein oppretthald eit trygt og forsvarleg smittevern. Planen under gjeld for både skule og SFO.

Grønt nivå

Utgangspunktet på grønt nivå, er at skulekvardagen går som normalt med dei klassane og gruppene elevane normalt er ein del av. Dette gjeld og organiseringen av dagen, med felles friminutt der alle elevane kan nytta seg av heile skulegarden. Elles gjeld følgjande rutinar:

Tiltak etter grønt nivå	Skulen si rutine	Ansvar/handheving
Ingen sjuke skal møta på skulen	Sjuke elevar og elevar med luftvegssymptomar skal ikkje på skulen eller SFO - elevane får tilbod om oppgåver gjennom showbie	Alle
	Føresette som er sjuke eller har luftvegssymptomar skal ikkje koma på skulen eller SFO	Føresette
	Sjuke tilsette og tilsette med luftvegssymptomar skal ikkje på arbeid - Kan jobba digitalt heimefrå	Rektor og tilsette
	Om elevar vert sjuke på skulen eller SFO, skal kontaktlærar, lærar, miljøarbeidar ta kontakt med føresette, og eleven vert sendt heim.	Kontaktlærar, faglærar, miljøarbeidar
God hygiene og normalt reinhald	Fokus på god hygiene: Elevane vasker hendene når dei kjem på skulen, før og etter mat, etter friminutt og etter toalettbesøk Sjå: « rutinar for dagleg reinhald og hygiene – GRØNT »	Kontaktlærar, faglærar, miljøarbeidar
	Elevane vasker pultane sine etter mat. Dette gjeld og på SFO Sjå: « rutinar for dagleg reinhald og hygiene – GRØNT »	Kontaktlærar, faglærar, miljøarbeidar
	Søppel i klasserommet skal tømmast kvar dag, ved skuleslutt. Sjå: « rutinar for dagleg reinhald og hygiene – GRØNT »	Kontaktlærar, faglærar, miljøarbeidar
Kontaktreduserande tiltak	Me oppretthald vanelg skulekvardag med normal organisering i klassar/grupper og friminutt med alle elevane ute på same tida.	Rektor

	Me handhelser og klemmer ikkje. Men elevar som treng trøst og nærkontakt får det. Her skal den vaksne vaska hendene etterpå.	Alle
Praktiske fag	Desse går som normalt, men fokus på å følge hygienrutinane.	Alle
Elevar med vedtak etter §5-1 og 2-8	Elevane får den undervisninga dei har vedtak om	Rektor
Skuleskyss	Som normalt	Rektor, skuleskyssansvarleg og Kolumbus

Gult nivå

Utgangspunktet på gult nivå er at skulekvardagen skal vera så normal som mogleg, men med nokre strengare smitteverntiltak enn på grønt. Til dømes vil ein dela skulegarden inn i to sonar, der småtrinnet har friminutt i den eine sonen og mellomtrinnet i den andre.

Tiltak etter gult nivå	Skulen si rutine	Ansvar/handheving
Ingen sjuke skal møta på skulen	Sjuke elevar og elevar med luftvegssymptomar skal ikkje på skulen eller SFO - Eleven kan få tilbod om oppgåver via Showbie	Alle
	Føresette som er sjuke eller har luftvegssymptomar skal ikkje koma på skulen eller SFO	Føresette
	Sjuke tilsette og tilsette med luftvegssymptomar skal ikkje på arbeid - Kan jobba digitalt heimefrå	Rektor og tilsette
	Om elevar vert sjuke på skulen, skal kontaktlærer, lærar, miljøarbeidar ta kontakt med føresette, og eleven vert sendt heim.	Kontaktlærer, faglærer, miljøarbeidar
	Om tilsette er sjuke, vil ein i prioritert rekkefølge: • søka å setta inn vikar. • Sørge for tilsyn • tilby opplæringa som heimeundervisning for ein begrensa periode.	Rektor/teamleiar
God hygiene og forsterka reinhald	Fokus på god hygiene: Elevane vasker hendene når dei kjem på skulen, før og etter mat, etter friminutt og etter toalettbesøk Sjå: Rutinar for dagleg reinhald og hygiene - GULT	Kontaktlærer/faglærer
	Elevane vasker pultane sine etter mat. Sjå: Rutinar for dagleg reinhald og hygiene - GULT	Kontaktlærer/faglærer
	Dei tilsette vasker bordet etter seg når dei har ete lunsj. Sjå: Rutine smittevern tilsette - GULT	Tilsette

	Søppel i klasserommet skal tømmast kvar dag ved skuleslutt. Sjå: Rutinar for dagleg reinhald og hygiene - GULT	Kontaktlærar/faglærar
	Reinhald tek seg av forsterka reinhald på kontaktflatar som dørhandtak, gelender o.l., samt av toalett. (sjå Prosedyrer for renhold i skolen)	Reinhaldar og rektor
	Kvart klassetrinn har sitt eige toalett	Rektor
Kontaktreduserande tiltak	Kvar klasse er ein kohort	Rektor
	Me skal så langt som mogleg unngå eller begrensa fysisk kontakt. Me unngår handhelsing og begrenser klemming. Elevar som har særskilt behov for omsorg og trøyst, skal sjølvstendig få dette, men den tilsette må vera nøye med hygiene/handvask	Tilsette
	Småsteget kan samarbeida mellom kohortane ute, og har friminutt på same område	Rektor/tilsette
	Mellomsteget kan samarbeida mellom kohortane ute, og har friminutt på same område	Rektor/tilsette
	To og to kohortar kan samarbeida inn, men må då halda 2m avstand. Ein kan bytta samarbeidande kohort etter ei helg	Rektor/tilsette
	Tilsette kan gå mellom kohortar	Rektor
	SFO: deler elevane inn i dei same samarbeidande kohortane som skulen bruker.	SFO-leiar og SFO-tilsette
	SFO: deler uteområdet slik at kvar kohort har sitt område. Deles med sperreband	SFO-leiar og SFO-tilsette
	SFO-måltid: Elevane må ha ete frokost før dei kjem. Det vert servert eit enkelt måltid på ettermiddagen. Dei tilsette lager maten og serverer kvart barn.	SFO-leiar og SFO-tilsette
	Me deler ikkje utstyr, og alle elevar har sin eigen: • iPad m tastatur • eigne skrivesaker • eigen bok • leiker på SFO kan brukast innad i ein kohort.	Rektor, SFO-leiar og heimen
	Bruk av spesialrom: Musikk, Mat & Helse og Kunst & Handverk kan nyttast av klassar, så lenge smittevernreglane kan ivaretakast. Felles utstyr som er brukt av ein kohort, må reingjerast etterpå, eller i «karantene» i tre dagar.	Kontaktlærar/faglærar
Digital hjelpemiddel/utstyr	Alle elevar har sin personlege iPad. Kontaktlærar er ansvarleg for å sjå til at desse fungerer, og IKT-kontaktperson hjelper	Kontaktlærar, IKT-kontakt og rektor

	med å feilsøka og retta om det oppstår tekniske utfordringar/problem.	
	Skulen har liggande nokre få ekstra iPadar som ein kan bytta med om ein iPad vert øydelagt.	IKT-kontakt og rektor
Skuleskyss	På gult nivå skal alle elevane få eit fullverdeg tilbod på skulen. Elevane som har rett til skuleskyss og er avhengig av dette for å koma seg til skulen, skal ha eit slikt tilbod https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/skole-korona/	Rektor, saman med skuleskyssansvarleg og Kolumbus
Omsorgstilbod og oppfølging av elevar med vedtak etter §5.1 og §2-8	Elevar med særskilte behov og elevar med vedtak etter §5-1 skal ivaretakast på forsvarleg vis. Om klassen for ein kort periode må ha heimeundervisning på grunn av personalmangel, må dette ivaretakast så langt som mogleg. Det kan bety: • eleven får eit tilpassa tilbod på skulen • eleven får ein kombinasjon av tilbod på skulen og heimeundervisning • eleven får eit tilpassa opplegg som heimeundervisning	Rektor

Rødt nivå

På rødt nivå gjeld dei strengaste smitteverntiltaka. Her skal elevane forholde seg til sin kohort, og kan i liten grad samarbeida og vera nær kvarandre. To og to kohortar kan samarbeida ute, og skuledagen vert forskjøvet slik at småtrinnet og mellomtrinnet har ulik dagsrytme.

Tiltak etter rødt nivå	Skulen si rutine	Ansvar/handheving
Ingen sjuke skal møta på skulen	Sjuke elevar og elevar med luftvegssymptomar skal ikkje på skulen eller SFO - Eleven kan få tilbod om oppgåver via Showbie	Alle
	Føresette som er sjuke eller har luftvegssymptomar skal ikkje koma på skulen eller SFO	Føresette
	Sjuke tilsette og tilsette med luftvegssymptomar skal ikkje på arbeid - kan jobba digitalt heimefrå	Rektor og tilsette
	Om elevar vert sjuke på skulen, skal kontaktlærer, lærar, miljøarbeidar ta kontakt med føresette, og eleven vert sendt heim.	Kontaktlærer, faglærer, miljøarbeidar
	Om tilsette er sjuke, vil ein i prioritert rekkefølge: • søka å setta inn vikar, om det er mogleg innanfor kohorten	Rektor/teamleiar

	- Sørge for tilsyn, om det er mogleg innafor kohorten. - tilby opplæringa som heimeundervisning for ein begrensa periode.	
God hygiene og forsterka reinhald	Fokus på god hygiene: Elevane vasker hendene når dei kjem på skulen, før og etter mat, før og etter friminutt og etter toalettbesøk Sjå: Rutinar for dagleg reinhald og hygiene - RØDT	Kontaktlærer/faglærer
	Elevane vasker pultane sine etter mat og pult og stol før dei går heim. Sjå: Rutinar for dagleg reinhald og hygiene - RØDT	Kontaktlærer/faglærer
	Dei tilsette vasker bordet etter seg når dei har ete lunsj. Sjå: Rutine smittevern tilsett - RØDT	Tilsette
	Sjøppel i klasserommet skal tømmast to gonger kvar dag, etter lunsj og ved skuleslutt. Sjå: Rutinar for dagleg reinhald og hygiene - RØDT	Kontaktlærer/faglærer
	Reinhald tek seg av deler av forsterka reinhald på kontaktflatar som dørhandtak, gelender o.l., samt av toalett. (sjå Prosedyrer for renhold i skolen)	Reinhaldar og rektor
	Tilsette tek seg av deler av forsterka reinhald: toalett to gonger dagleg, kontaktflatar i klasseromma, pulter og stoler i klasseromma og tilsvarande på personalrommet. (sjå Prosedyrer for renhold i skolen)	Rektor og tilsette
	Kvart klassetrinn har sitt eige toalett	Rektor
Kontaktreduserande tiltak	Føresette skal ikkje inn på skulen/SFO, men leverer ute i sonen til eleven sin kohort	
	Kvar klasse er ein kohort. Dei største klassane på småsteget kan måtte delast i mindre grupper.	Rektor
	Me skal så langt som mogleg unngå og begrensa fysisk kontakt. Me unngår handhelsing og begrenser klemming. Elevar som har særskilt behov for omsorg og trøyst, skal sjølvstendig få dette, men den tilsette må vera nøye med hygiene/handvask	Tilsette
	To og to kohortar kan samarbeida ute og ha friminutt i lag på same område	Rektor/tilsette
	Skulegarden deles inn i soner, og samarbeidande kohortar kan berre nytta den sona som dei er tildelt den veka. Bytte av sone kan skje frå ei veke til ein annan	Rektor/tilsette

	SFO: deler elevane inn i dei same samarbeidande kohortane som skulen bruker.	SFO-leiar og SFO-tilsette
	SFO: deler uteområdet slik at kvar kohort har sitt område. Deles med sperreband	SFO-leiar og SFO-tilsette
	SFO-måltid: Elevane må ha ete frokost før dei kjem. Det vert servert eit enkelt måltid på ettermiddagen. Dei tilsette lager maten og serverer kvart barn.	SFO-leiar og SFO-tilsette
	Dagsrytmen vert forskjøvet for å hindra at fleire kohortar treffes i garderober Dagsrytme for småtrinnet: 1. økt: kl. 8.25-9.55 Friminutt: kl. 9.55-10.10 2. økt: kl. 10.10-11.00 Matpause: kl. 11.00-11.20 Friminutt: kl. 11.20-11.50 3. økt: kl. 11.50-12.50 Friminutt: kl. 12.50-13.00 4. økt: kl. 13.00-14.00 Dagsrytme mellomtrinnet: 1. økt: 8.15-9.25 Friminutt: 9.25-9.40 2. økt: kl. 9.40-10.35 Matpause: kl. 10.35-10.50 Friminutt: kl. 10.50-11.15 3. økt: kl. 11.15-12.30 Friminutt: kl. 12.30-12.45 4. økt: kl. 12.45-14.00	Rektor/tilsette
	Team er ansvarlege for å utarbeida inspeksjonsplanar	Teama
	To og to kohortar kan samarbeida inne, men må då holda 2m avstand. Ein kan bytta samarbeidande kohort over ei helg	Rektor/tilsette
	Tilsette kan gå mellom kohortar, men må følge smittevernreglar	Rektor
	Me deler ikkje utstyr , og alle elevar har sin eigen: • iPad m tastatur • eigne skrivesaker • eigen bok • leiker på SFO kan brukast innad i ein kohort.	Rektor, SFO-leiar og heimen
	Bruk av spesialrom: Kunst og Handverksrom og musikkrom er stengt, men ein kan ha desse faga i klasserommet. Utstyr som vert brukt må reingjerast etter bruk.	Kontaktlærar/faglærar
	Bruk av hallen:	Faglærar

	Me bruker ikkje gardrobane og har utegym så langt det er mogleg.	
	Mat og Helse: Det er ok å ha mat og helse så lenge dette skjer i små grupper med elevar frå same kohort og at dei lager mat som er varmebehandla (Sjå smitteveileidar på Udir.no). Uteskule er eit godt alternativ – matlaging på stormkjøkken.	Faglærar
	Ein oppmoder til heimekontor etter undervisning. Om ein vel å sitte på teamkontoret, må ein sikra god nok avstand – minimum 1 meter mellom kvar tilsett.	Tilsette
	Møter og PU-tid vil i stor grad gjennomførast via Teams. Skal ein vera på skulen, må ein sikra god nok avstand.	Rektor/teamleiar
Digital hjelpemiddel/utstyr	Alle elevar har sin personlege iPad. IKT-kontaktperson er ansvarleg for å sjå til at desse fungerer, og hjelper med å feilsøka og retta om det oppstår tekniske utfordringar/problem.	IKT-kontakt og rektor
	Skulen har liggande nokre få ekstra iPadar som ein kan bytta med om ein elev øydelegg iPaden sin.	IKT-kontakt og rektor
	Alle elevane har Showbie, og bruker dette aktivt til dagleg	IKT-kontakt og rektor
	Elevane på 4.-7. trinn har Teams	IKT-kontakt og rektor
Skuleskyss	Elevane skal så langt det er mogleg, få eit fullverdeg tilbod på skulen. Elevane som har rett til skuleskyss og er avhengig av dette for å koma seg til skulen, skal ha eit slikt tilbod https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/skole-korona/	Rektor, saman med skuleskyssansvarleg og Kolumbus
Omsorgstilbod og oppfølging av elevar med vedtak etter §5.1	Elevar med særskilte behov og elevar med vedtak etter §5-1 skal ivaretakast på forsvarleg vis. Om klassen for ein kort periode må ha heimeundervisning på grunn av personalmangel, må dette ivaretakast så langt som mogleg. Det kan bety: • eleven får eit tilpassa tilbod på skulen • eleven får ein kombinasjon av tilbod på skulen og heimeundervisning • eleven får eit tilpassa opplegg som heimeundervisning	Rektor
	Om ein ikkje klarer å oppretthalda eleven si rett, må ein gje midlertidig vedtak	Rektor
Ved skulestenging	Elevane får fjernundervisning • 1.-3. trinn via Showbie • 4.-7. trinn via Teams	Lærarane

	Lærer har ansvar for: • Legga til rette for god undervisning for den enkelte elev via Teams/Showbie • Følgja opp kvar elev i læringsarbeidet dagleg • Gje gode tilbake og framovermeldingar • Sikra at eleven har utbytte av læringa • Samtale med eleven/heimen kvar veke • Melda frå til rektor om elevar ikkje dukker opp til undervisning • Melda frå til rektor om sårbare elevar som eventuelt treng oppfølging på skulen	Kontaktlærer og faglærer
	Rektor skal: • Gje god informasjon til tilsette og til heimane • Sikra eit omsorgstilbod til dei sårbare elevane og eventuelle elevar med vedtak etter §5-1 og 2-8 som treng eit tilbod på skulen. • Følgja opp dei tilsette med møter på Teams vekentleg • Sikra at alle elevane får eit forsvarleg tilbod • Opplæring i smittevern for dei som skal gjennomføra omsorgstilbod på skulen	Rektor